

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalet 03.09.2025

Stad: Nygårdsgaten 5 – Møterom Sydneshaugen kl. 9.00-12.00

I Innkalling og dagsorden

Innkallinga og dagsorden blei godkjent. Ingen saker til eventuelt.

Forfall/vara:

Ingunn Rødland (UB) møtte for observatør Maria Carme

Arvid Fauskanger Ekberg (student) møtte for Kristian Birkeland

Medlemene og sekretariatet presenterte seg.

II Protokoll frå møtet 13. juni 2025

Protokollen blei godkjent

III Orienteringar

Prorektor orienterte om UiB læringskonferanse 17. oktober 2025, som blir arrangert av UPED (saman med UiB Universell og UiB læringslab). Medlemene blei oppmoda om å informere fagmiljøa på sitt fakultet.

[UiB Læringskonferanse 2025 | Program for universitetspedagogikk | UiB](#)

Sak 24/25 Mandatet til utdanningsutvalet

Prorektor orienterte om bakgrunnen for og føremålet med saka, og med utdanningsutvalet. Ho ønskte ei generell drøfting om korleis medlemene vil at utvalet skal forholde seg til mandatet, om møteform, tematikk, erfaringsdeling, mv.

Etter oppmoding var det også ein gjennomgang om korleis eit medlem bør gå fram for å spele inn saker: Til nokon i sekretariatet eller prorektor sjølv, eller under «eventuelt» i møtet. I sistnemnde tilfelle vil utdanningsutvalet gjerne be om ei sak med saksframlegg.

Medlemene spela inn at mandatet dekte over dei viktigaste typene saker, og fleire tema blei trekt fram:

- Utdanningsutvalet har ansvar for heilskapen ved UiB, og det bør speglast i arbeidet til utvalet.
- Internasjonalisering og utvekslingsgrada har innverknad på økonomien.
- Læringsmiljø og grensa mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet sine ansvarsområde.

Sak 25/25 Utdanningsutvalet sine prioriteringar for komande periode

Saka gjaldt prioriteringar innanfor utdanningsutvalet sitt mandat (sjå sak 24/25).

Prorektor presiserte at dei føreslegne punkta både følger opp tidlegare års arbeid (reielegheit, KI, studieportefølje, mv.), og er knytt til universitetsleiinga sine prioriteringar framover (særleg førsteårsstudenten: inkludering, fråfall, kvalitet i store emne). For denne siste gruppa skal det no arbeidast med eit godt kunnskapsgrunnlag.

Medlemene drøfta punkta og var i det store einige i prioriteringane, med desse merknadene:

- Enkelte element, til dømes kvalitet, kunne vore eigne punkt i ei slik liste
- Det er behov for kjennskap til kva for arbeid som er gjort og planlagt i organisasjonen, gjennom mellom anna erfaringsdeling i utdanningsutvalet

Sak 26/25 Opptaket 2025

Opptaksleiar Kristian Hole Lønning orienterte om opptaket, som han omtala som vellukka. Christen Soleim (SA) la til at det har vore eit godt samarbeid mellom SA og fakulteta, og gode analysar i botn. Det blei mellom anna lagt vekt på årets tiltak for å auke tala i masteropptaket. [Lysbileta kan du sjå her](#).

Utdanningsutvalet tok presentasjonen til orientering, og drøfta mellom anna

- Kva for erfaringar dei hadde med årets opptak, som jamt over har vore positive.
- Kva for ambisjonar UiB bør ha for fråfall, og samanhengen mellom den andelen som fell frå og kor mykje fakulteta må overbooke på studieprogramma.
- Kva innverknad tidleg tilbod – eit av årets tiltak – kan ha for møtt-tala på masterprogram.

Sak 27/25 Studiestartuken/velkomstuken

Martin Kahrs Lie presenterte arbeidet med studiestart og velkomstveka ved UiB. Dei hadde fått mange gode tilbakemeldingar på mottak og tilbod, og Lie understreka at ein etter studiestartundersøkinga vil evaluere grundigare. [Lysbileta kan du sjå her](#).

Utdanningsutvalet tok presentasjonen til orientering, og hadde desse merknadene:

- Deltaking på «faddervakt» var ei positiv oppleving på grunn av lite bråk.
- Utvalet var positivt til dei felles aktivitetane, som mellom anna løfter fram «studentbyen» Bergen, til dømes «Hallaien»-konserten og utekino.
- Forsking gjort av UPED tydar på at mentorordninga er viktig for inkludering.

Sak 28/25 Revisjon av studieforskrifta

Saka gjaldt orientering om innspelsrunde knytt til endringar i studieforskrifta til UiB. Knut Knapskog orienterte om prosessen fram mot vedtaking av dei føreslegne endringane, og kort om innhaldet i forslaga.

Utdanningsutvalet tok saka til orientering, med merknad om at fakulteta og andre som skal oppmodast om å sende innspel, må få så romsleg frist som mogleg.

Sak 29/25 Oppnevning av sentral studiekvalitetskomité 2025-26

Utdanningsutvalet traff dette vedtaket:

«Utdanningsutvalget vedtar sammensetning av studiekvalitetskomiteen for vurdering av søknader for utlysning i 2026 slik:

- Heming Gujord, visedekan for utdanning ved HF. Leder for komiteen (ny, velges for to år)
- Ørjan Djønne, visedekan for utdanning ved KMD (ny velges for ett år)
- Bianca Cecilie Nygård studiesjef ved NT (valgt for to år i 2024)
- Lucas Jeno, førsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk (velges for ett år)
- Kristian Birkeland, studentrepresentant
- Studentrepresentant 2 (oppnevnes av Studentparlamentet)
- Ida Fauskanger, Studieavdelingen, sekretær for komiteen»

Sak 30/25 Uglepristildelingen 2025

Prorektor erklærte seg inhabil, og forlot møtet. Christen Soleim overtok leiinga av møtet under handsaming av saka.

Utdanningsutvalet diskuterte bakgrunnen for at studentrepresentanten som skulle delta i vurderingskomiteen, ikkje deltok på møtet som vurderte kandidatar til prisen. Utvalet understreka kor viktig slik representasjon er, og må sikrast for framtidige tildelingar.

Deretter traff utdanningsutvalet vedtak i samsvar med tilrådinga:

«Utdanningsutvalget slutter seg til komiteens forslag og vedtar å tildele Ugleprisen 2025 til [vinnaren]*

Søknaden nomineres videre til HK-dirs nasjonale pris for utdanningskvalitet.»

* Namnet på vinnaren skal inntil vidare haldast tilbake, og er derfor anonymisert her.